




# BARNETRÅKKARTLEGGING

5. OG 8. TRINN

VINTER 2018/2019



**BJØRNA  
FJØRDEN**



KOMMUNE

Dato:	17.06.20
Prosjektansvar:	Planavdelinga Mathilde Ilper Johnsen Stine Unneland Therese L. Wergeland
Skular som har deltatt:	8. trinn Os ungdomsskule 5. trinn Os barneskule Hegglandsdalen barneskule (5. og 6. trinn saman) 5. trinn Søre Øyane barneskule 5. trinn Søftland barneskule 5. trinn Lysekoster barneskule 5. trinn Nore Neset barneskule  <b>TUSEN TAKK FOR DELTAKINGA!</b>
Foto framside:	Fransisco Munoz

# INNHALD

1. INNLEIING .....	4
2. METODE .....	5
3. KARTLEGGING OG FUNN .....	7
OS BARNE OG UNGDOMSSKULE.....	8
HEGGLANDSDALEN BARNESKULE .....	10
LYSEKLOSTER BARNESKULE.....	12
SØRE ØYANE BARNESKULE.....	14
SØFTELAND BARNESKULE.....	16
NORE NESET BARNESKULE.....	18
4. VEGEN VIDARE.....	20
5. VEDLEGG .....	22

# 1 INNLEIING

Tidlegare Os kommune gjennomførte 2018/2019 ei barnetråkkartlegging i 5.trinn og 8.trinn ved sju ulike skular i kommunen. Når rapporten no vert ferdigstilt er Os og Fusa blitt Bjørnafjorden kommune. Bakgrunn for arbeidet er forankra i planar og føringar frå tidlegare Os kommune og kartlegginga har vort gjennomført ved skular i tidlegare Os kommune.

Denne rapporten er ei oppsummering av dei tilbakemeldingane som elevane har gitt. Funna ein sit igjen med etter registreringa hjå kvar skule er kartfesta i kommunen sine kartløyser. Dei viktigaste funna er sjekka ut mot framlegg til til ny overordna kommunedelplan for tidlegare Os kommune for å undersøke om planlagt ny utbygging kjem i konflikt med areal som er mykje brukt av born og unge. Vidare kan kunnskapen frå registreringa nyttast i kommunen sitt øvrig overordna planarbeid, ved handsaming av reguleringsplanar og byggesakar.

På [www.barnetrakk.no](http://www.barnetrakk.no) kan ein lese meir om barnetråkk som metode.

## BAKGRUNN OG HENSIKT

Bakgrunnen for prosjektet har vort trong for kunnskap om kor born og unge ferdast, møtast og oppheld seg. Kunnskapen er naudsynt i arbeid med ny overordna arealplan og sentrumsplan for Osøyro, samt som kunnskapsgrunnlag for framtidig utbygging.

Fortetting og utbygging generelt førar til press på areal i nærmiljøa som vert nytta av born og unge til både rekreasjon, fritidsaktivitetar, skuleveggar og snarveggar. Tap eller forringing av slike områder kan få uønska konsekvensar for både tryggleik, trivsel, oppvekstvilkår og for folkehelsa. I tråd med tidlegare Os kommune sin samfunnsplan skal kunnskap om korleis born og unge brukar og ferdast i dei ulike delane i kommunen brukast som grunnlag når det vert gjort prioriteringar knytt til arealbruk. Hensikta med kartlegginga er å overføre barnas stemmer til fokusområder og tiltak i trafikken for å trygge ferdselsvegane og sikre områdene dei oppheld seg i.

## KVA ER BARNETRÅKK?

Barnetråkk er eit digitalt kartverktøy som gir barna moglegheit til å si sin mening om nærområdet, kor dei ferdast og oppheld seg og kva dei ønskjer å endra på i framtida.

Barnetråkk er ein metode for medvirkning og betre planlegging for born og unge. Det er eit digitalt verktøy og metode som Norsk design- og arkitektursenter (DOGA) sammen med Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Naturfagsenteret har utvikla for å gjennomføre registreringar av kor born og unge ferdast og kva dei gjer på skulen og i fritida. Her registrerer barn og unge sjølv sine skule- og fritidsveier, områder for opphold og lek, stader dei likar og mislikar og kva fysiske forandringar dei ønskjer seg i nærområda. Barnetråkkregistrering gir born og unge ein arena til å delta i samfunnsutviklinga.

## LOVFESTA RETT TIL MEDVERKNAD

Barn og unge har lovfesta rett til samfunnsdeltaking gjennom Plan- og bygningslovens § 5-1: "Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge." Os kommune har eit sterkt fokus på medverknad i sine overordna planar, forankra i kommuneplanens samfunnsdel. Utdrag frå hovudmål 1 i Kommuneplanens samfunnsdel 2015-2027 Os kommune, 5.2.1 ledd 6: "Barn og unge si deltaking i planlegging og avgjersler: Barn og unge har gjennom norsk lov rett til medverknad i offentlege prosessar og alt som påverkar liva deira. Barn og unge i Os kommune bør i større grad enn i dag verta involvert i slike prosessar".

Barnetråkkarbeidet gir kommunen moglegheit til å kvalitetssikre beslutningar som berører barn og unge, legge grunnlag for bedre planlegging og dekke dokumentasjonskrav som ligg til planprosessen.

# 2 METODE

## ORGANISERING

Ansvar for gjennomføring av kartlegginga har ligget hos planavdelinga, med ein prosjektleiar og to prosjektdeltakarar som har bidrege i skulebesøk og bearbeiding av data i etterkant. Involvering av andre tenesteområde vart avgrensa til å samle inn innspel i startfasen om kva kartlegginga burde ha fokus på. Under kapittel 5 kan ein lese meir om erfaringar vi har høsta om organisering av arbeidet, gjennomføring og forankring.

## FORARBEID

Alle 5. og 8. trinns lærarar ved alle skulane i kommunen fekk, via e-post til rektor, invitasjon til å delta i prosjektet. Før besøk i skulane vart det halde eit informasjonsmøte der hensikten med prosjektet vart presentert og der sjølv kartverktøyet vart gjennomgått. Eit slikt innleiande møte er anbefalt å avhalde nokre månader før sjølv skulebesøka og registreringa tek til.

Etter det innleiande møtet vart dato for kvart klassebesøk avtalt med kvar enkelt lærar. Nokre veker før klassebesøka vart det sendt ut samtykkeskjema til kvar lærar som dei leverte ut i klassen og samla inn før registreringa.


Ole Edvard Grov hos Universitetet i Bergen (skulelaboratoriet i realfag) hadde god kjennskap til verktøyet og var tilgjengeleg for spørsmål både før og under registreringa.

Lokalavisa vart kontakta og fortalt om prosjektet. Os- og Fusaposten var med på nokre av skulebesøka. Kommunen laga òg ein informasjonsfilm om prosjektet.

## GJENNOMFØRING

Ute i skulane fekk kvar klasse ein kort presentasjon om hensikten med barne-tråkk og kva kommunen bruker dette materialet til. Deretter vart kartprogrammet presentert og det vart gjort ein kjapp gjennomgang av korleis ein teikner og navigerer seg i kartet. Representanten frå kommunen hadde ansvar for at elevane hadde alle naudsynte ressursar til å gjennomføre registreringa. Elevane logga seg deretter på med sin private Feide-bruker og vart då knytta til sin klasse og skule.

Elevane gjennomførte registreringane i to trinn. Først teikna dei inn skulevegen sin og andre vegar og stiar som de ferdast til fots, i buss/bil eller på sykkel. Deretter brukte elevane eit utval av klistremerka (symboler) basert på kategoriane «Positive», «Negative» og «Aktiviteter», og plasserte desse i kartet. I tillegg hadde elevane moglegheit til å skrive inn kommentarar for kvar registrering, til dømes ønske om forbetringar. Informasjon om kvifor eit område vert opplevd som fint eller utrygt er vel så viktig som at det er vist ein negativ eller positiv markør i kartet. Alle registreringane vart gjennomført i løpet av to klassetimar pr. klasse.



## ANONYMITET

Rådata (kvar enkelt elev si registrering) er ikkje tilgjengeleg, dette av omsyn til personvern. I praksis logga elevane seg inn på karttenesta via sin FEIDE-brukar (felles elektronisk identitet). Ingen elevar, lærarar eller kommunal planleggar kan sjå kva den enkelte eleven har registrert, men ein kan sjå klassen si samla registrering utan namn. Kommunen sin planleggar får opp alle kommentarar som er skrivne og klistrelappar som er plassert i kartet, men ikkje kven som har skrivne eller klistra dei i kartet. Dette sikrar anonymitet, men det gjer det og vanskeleg å spore konkrete tilbakemeldingar eller klistrelappar som er feilplassert.

## ETTERARBEID

I etterkant er rådata frå kvar klasse konvertert til ArcGis, der dei er analysert og bearbeidd for å sikre anonymitet og for å sile ut registreringar som er oppfatta som feilregistreringar. Døme på dette kan vere å forskyve ei innteikna line til ein grusveg som er teikna inn i ei fjellside som ikkje er mogleg å gå i (vi har då tolka at eleven har meint å teikne inn skuleveg på stien/vegen, men bomma i kartet). Det bearbeida kartet ligg tilgjengeleg i kommunen sin kartløyising og er dei same karta som er nytta i denne rapporten.

Barnetråkk/skuleveg er sortert slik at meir enn fire streker/registreringar indikerer ein del brukt. To til tre strekar indikerar noko brukt veg. For aktivitetsområda og problemområde er to eller fleire markerte aktiviteter på same plass teikna inn i kartet. Skumle folk og sint hund er ikkje teke med då desse ikkje har relevans for arealbruk.

Kategoriene i det digitale barnetråkkverktøyet er òg korta ned og samla i færre felles kategoriar. Td. differensierar barnetråkk-løysinga mellom ulike vinteraktivitetar, mens det i kommunen sitt barnetråkkkart er samla til ei kategori.

## VURDERING AV VALIDITET OG REPRESENTATIVITET

Prosjektet si validitet handlar om undersøkinga sin samheng mellom spørsmål og svar- kor relevant den valgte metoden er for å få svar på det man ønskjer.

Det har vore noko variasjon i kor godt elevane har førebudd seg til gjennomføringa. Dette kan ha ført til at nokre elevar har gitt ei meir grundig og omfattande registrering enn andre. Vi har òg merka oss at korleis lærar på førehand har førebudd elevane, kan ha vore med å påverke resultatet. Karta viser områder som eit begrensa utval elevar har registrert. Det kan difor finnast områder som er viktige for barn og unge som ikkje er registrert. Det vert difor stilt krav i overordna arealplan om at ein i samband med nye plansakar skal vurdere om det må gjerast nye eller utfyllande barnetråkkregistreringar.

Å gjere undersøkinga med fleire elevar og/eller andre trinn kunne gjeve heilt andre svar. At nokre vegstrekningar eller plassar ikkje er registrert på kartet betyr ikkje at det ikkje ferdast born her. Men her ferdast **desse** elevane.

Nokre stader kan det som kan sjå ut som mange registreringar i realiteten være ein og same elev som har merka av. Erfaringane frå skulebesøka og dialog med elevane i kvar klasse er brukt som utgangspunkt for å sile ut denne type dobbeltregistreringar. Nokre plassar har det vore naudsynt å dra ut for å sjå på stadar der det kan sjå ut for at ein elev har registrert same tilbakemelding fleire gonger eller der det har vore usikkerheit knytt til ulike funn.

Barnetråkk er eit fint verktøy for å hente informasjon om born og unge si bruk av nærområda. Verktøyet har likevel nokre begrensingar som gjer at undersøkinga er vurdert til å være upresis på nokre tema. Vurdering og erfaringar står det meir om under kapittel 4.



# 3 KARTLEGGING OG FUNN

På dei neste sidene er funna frå kvar skule som har deltatt oppsummert med tekst og vist i eit kart. Kartet er eit bearbeidd kart der rådata frå elevane sine registreringar er samla og sortert. Rådataene kan være vanskeleg å halde anonyme, då ein skilde innteikningar kan sporast til konkrete adressar. Samstundes har det vært eit mål å kartlegge kor borna går og sykklar. Difor er ikkje registreringar der eleven skriv at han/ho vert køyrd eller tek buss teke med. Kommunen har tilgang til alle rådata ved innlogging på [www.barnetrakk.no](http://www.barnetrakk.no).





Det ligg teiknforklaring til alle karta som syner kva som er registrert i kartet. Som forklart i kapittelet over kunne elevane velge "klistremerkar"/symbol innanfor ganske mange kategoriar som vi har samla i færre hovudkategoriar for å gjere kartet meir lesbart. Der elevane kunne registrere aking, skøyter og skigåing, har vi til dømes samla alle desse under kategorien "vinteraktivitetar". Kategoriane "fin skog", "fin park" o.l er samla som "fin stad".

Inndelinga mellom mykje brukte og mindre brukte vegar kunne like gjerne vert samla i ein kategori, for det vesentlege er at det er registrert aktivitet- ikkje nødvendigvis kor mykje. Få registreringar ved ein skule behøver samstundes ikkje å bety lite ferdsel og bruk av nærmiljøet. Det er naturleg at større og fleire klasser som har deltatt pr. skule gir fleire funn.

For dei krinsane det ser ut som at ingen eller svært få elevar har registrert sin skuleveg betyr at dei har opplyst om at dei vært køyrd eller tek buss. Dei er difor ikkje teke med. Dette fortel oss mykje om kor og korti borna **ikkje** går eller sykklar til skule og fritidsaktivitetar.

Finn du ikkje igjen kommentaren/markøren din i kartet? Då ligg den vedlagt i skjema bakerst! Det vart gjeve så mange flotte og nyttige kommentarar at

ikkje alle fekk plass. Denne informasjonen er dessutan vanskeleg å framstille i kart, vi har difor gjort eit utval som er vist i karta per krins. Under finn ein underkategoriane elevane har nytta som er samla i hovudkategoriane som ein finn i teiknforklaringa.

	Noko ferdsle
	Mykje ferdsle
	Badeområde
	Vinteraktivitetar
	Leike- og opphaldsareal
	Fin stad
	Utrygg ferdsle langs veg
	Problemområde

Noko ferdsle= mellom to og fire registreringar

Mykje ferdsle= meir enn fire registreringar

Badeområde= svømming og bading

Vinteraktivitetar= ski, skøyter, aking

Leike- og opphaldsareal= ballspel, skating, møteplass, leikeplass, shopping

Fin stad= fin utsikt, fin skog, fin bygning, fin park.

Utrygg ferdsle langs veg= mørkt, støy, mykje trafikk og/eller høgt hastigheit, manglande overgang

Problemområde= mørkt, støy, vil endre, søppel

Det er ikkje gjort nokon fagleg vurdering av resultatata eller konkrete anbefalingar, då undersøkinga er meint som eit kunnskapsgrunnlag som skal kunne nyttast innanfor fleire av kommunen sine tenesteområder.

## OS BARNESKULE OG UNGDOMSSKULE

Heile 5. trinn og delar av 8. trinn deltok i kartlegginga, til saman 47 ungdomsskuleelevar og 47 barneskuleelevar. Funn frå barnetrinnet og ungdomsskulen er samla under same kapittel og same kart.

### ELEVANE SINE REGISTRERINGAR OPPSUMMERT

#### Mykje brukte vegar gange og sykkel:

- Generelt er det fleire veger og gater i Os sentrum som er mykje nytta.
- Borgavegen, frå Hjelle til skulen har hyppige registreringar
- Frå ungdomsskulen til busshaldeplassen i sentrum, Giskavollen og gjennom gravplassen er mykje registrert
- Frå ungdomsskulen via Likbrekka til Kuvågvegen
- Fleire elevar kryssar golfbanen som ein snarveg
- Nedre Varåsen mot Kuventræ

#### Mindre brukte vegar gange og sykkel:

- Frå barneskulen til Irisfabrikken
- Frå ungdomsskulen om Oseana til Giljavegen
- Frå Mobergsbakken v/Stemmevegen til Kuventræ idrettsanlegg

#### Utrygg ferdsel:

Punktregistreringar knytt til utrygg ferdsel er gjort langs Borgavegen ved Lundetræet (ved krappe svinger markert med raudt felt i kartet). Her synst elevane at det er dårleg sikt i svingane, og dei er redde for bilar som kjem i høg fart utan at dei ser dei. Langs Hatvikvegen er det meldt om utrygg ferdsel langs vegen inkludert støy. Frå Lyssandfabrikken fram til Hatvikvegen er det registrert utrygg ferdsel langs veg. Krysset mot Byvegen frå Kiwi Idrettsvegen er òg markert som utrygt. Då registreringane vart utført pågikk det vegarbeid i dette området. Nokre elevar etterlyser fortau ved brua ved Os Aktiv.

Snarveg/trappar frå Stølsvegen og ned til Troppabakken er markert som utrygg på grunn av manglande/dårleg belysning. Det same gjeld porten frå kyrkjegarden mot skulen ved Giskavollen.

#### Problemområde:

Mange elevar har markert områder rundt Os Aktiv som eit problemområde. Fleire av kommentarane går på støy og utrygg ferdsel knytt til trafikk og arbeid med større køyretøy. Øvst langs Hjellevegen er markert som utrygg grunna manglande/dårleg veglys. Det er meldt om søppel ved busstopp i sentrum. Også skuleplassen bak SFO er markert som problemområde med kommentar om at tiendetrinnelevar røyker her.

#### Aktivitetsområder og møteplasser:


Vinteraktivitet som skøytegang og akebakker er registrert fleire plasser i og nær Osøyro. Nokre badeplassar er òg registrert som mykje brukt; Mobergs-viko, Hammeren (langs Oselva), på veg mot og forbi Solstrand Hotell ved Lyssandfjæra. Ved Ulvenvatnet er det òg registrert badeaktivitet. Leike- og opphaldsareal er primært konsentrert rundt skule og skuleområdet, idrettsanlegg på Kuven og på Lyngheim.

Det er ikkje mange stader i og nær Osøyro som er markert med kategorien «Fine stader». Kyrkjeplatane er markert som «fin stad» saman med eit større skogsområde ved bustadfeltet på Hjelle.

**"Eg syklar og så tar eg buss og det er mørkt om vinteren og på morgningen".**

**"Os er eit ganske fint sted!"**





- Noko ferdsle
- Mykje ferdsle
- Badeområde
- Vinteraktivitetar
- Leike- og opphaldsareal
- Fin stad
- Utrygg ferdsle langs veg
- Problemområde

"Bygg- og anleggsarbeid. Er litt redd for å bli påkjørt"

"Vil endre. Mangler fortau".  
"Det er veldig bratt sving. Når ein bil kommer i full fart er det vanskeleg og se den som går".

"Fin park".

"Her er det veldig mørkt tidlig om morgningen og seint på kvelden. Her bør vi få et lys".

"Her er det mykje bråk fordi dei jobbar."

"Her er det mørkt, ser ikkje bilene som kommer rundt svingen".

"Her er det mørkt".

"Krysse vegen uten overgangsfelt".

"Mykje fergetrafikk".



## HEGGLANDSDALEN BARNESKULE

Ved Hegglandsdalen barneskule deltok 16 elevar til saman på 5 og 6 trinn.

### ELEVANE SINE REGISTRERINGAR OPPSUMMERT

#### Mykje/mindre brukte vegar gange og sykkel:

Hegglandsdalen skule skiljer seg ut frå dei andre registreringane ved å berre ha ein veg med lite ferdsel registrert. Manglande raud strek langs Hegglandsdalsvegen fortel likevel mykje, då dette betyr at alle borna som bur i Hegglandsdalen og skal til skulen, nyttar buss grunna farleg skuleveg. Vegen frå Hegglandsdalsvegen og opp Eidsbrekko er registrert som brukt til gange. Her går nokre elevar ned til bussen eller til venner.

#### Utrygg ferdsel:

Elevane ved Hegglandsdalen barneskule har ikkje teikna inn område med markering utrygg ferdsel. Det er derimot gjeve ein del generelle kommentarar knytt til dette som er knytt til bilar i høg fart, manglande fortau og manglande lys. Dette gjeld både langs Hegglandsdalsvegen og langs Eidsvegen. Kommentrar som er gjeve langs Hegglandsdalsvegen:

"Her køyrer bilane og motorsyklar veldig fort og det er skummelt"

"Her er det mørkt".

"Det er fortau men det er ingenting å sykle på".

"Det er mørkt på busstoppet".

Følgjande kommentarar er gjeve langs Eidsvegen:

"Misliker at det er glatt om vinteren og at noen folk ikkje gidd å rygge".

"Eg kunne ønske at det var fortau".

"Her er det skummelt når det er mørkt siden det er ikkje noen lyktestolper".

"Det er ikkje fortau".

#### Problemområde:

Det er ikkje markert problemområde i tilknytning til Hegglandsdalen barneskule, vegar eller bustadområda rundt.

#### Aktivitetsområder og møteplasser:

Både Hegglandsdalsvatnet og Tveitevatnet er registrert med fleire badeplassar, ein ved Fiskebotnmyra og fleire stader langs nordvestsida av Tveitevatnet i nær tilknytning til skulen. Fleire elevar har òg registrert Tveitevatnet som ein plass dei står på skøyter som vinteren. Ballbinga ved Berge er registrert som møte- og leikeplass. Sørvest for Eidsbrekko er det eit større skogsområde som av fleire elevar er markert som «Fin stad». På marka nord for Tveitevatnet er det markert ein akebakke.

Det er gjeve tilbakemelding om at jord- og steinsorteringa ved Gottjørna har forringa ein plass elevane har brukt til aking og skigåing tidlegare.

**"Her er det gapahuk og fint å stå på skøyter".**

Kommentar ved Tveitevatnet

**"Her køyrer bilane og motorsyklane veldig fort og det er skummelt"**

Kommentar langs Hegglandsdalsvegen



-  Noko ferdsle
-  Mykje ferdsle
-  Badeområde
-  Vinteraktivitetar
-  Leike- og opphaldsareal
-  Fin stad
-  Utrygg ferdsle langs veg
-  Problemområde



## LYSEKLOSTER BARNESKULE

Hos Lysekloster skule deltok 29 5. trinnselevar i kartlegginga.

### ELEVANE SINE REGISTRERINGAR OPPSUMMERT

#### Mykje brukte vegar gange og sykkel:

Frå og gjennom Hellebakkane er den einaste vegen i Lysefjorden som er registrert med mykje ferdsel til fots og ved bruk av sykkel. Det er elles lite ferdsel langs hovudvegen til fots og ved bruk av sykkel. Vi veit at dei fleste borna i denne krinsen har skuleskyss grunna farleg skuleveg.

#### Mindre brukte vegar gange og sykkel:

Jordet mellom Hellebakkgrenda og kaien med butikken er nytta som snarveg. Frå Søviknes og til Søvikvegen er det òg gjort registrering av ferdsel til fots. Frå Skjelåsen og ned til Drangsvegen er det registrert noko ferdsel, herifrå tek skuleborna skulebuss.

#### Utrygg ferdsel:

For dei elevane ved Lysekloster skule som bur i Bergen kommune (Nordvik) er Fanafjellsvegen markert som utrygg fordi det manglar fortau. Det same gjeld Drangsvegen. Fleire plassar langs Sperrevikvegen er òg markert som utrygt. I svingane ned mot Pøylo er registrert som utrygt med punkt i kartet, saman med eit punkt lengre aust mot kommunegrensa på same veg. Ved starten på vegen inn Grønskaret er det meldt om manglande veglys. Nokre kommentarar er:

"Det er veldig skarpe svinger der som kan være litt farlig hvis to busser kommer mot hverandre mens et barn går der"  
(Sperrevikvegen, i svingene ned mot Pøylo)

"Her kjører bilene ganske fort og vi kan ikkje se når dei kommer".  
(Sperrevikvegen ved Nordstraumen)

"Om morgenen når det er mørkt er det veldig skummelt fordi det er masse trafikk der". (Sperrevikvegen ved Nordstraumen).

"Det er mye trafikk og vi kan bli påkjørt når vi må løpe over vegen uten overgangsfelt og det er skummelt."

(Sperrevikvegen ved innkøyring til Leirvågneset)

Langs Drangsvegen mellom Helleskaret og Uradalen er følgjande kommentarar gjeve:

"Her er det trangt og biler kjører fort".

"Eg vil at dei skal lage ein større veg for da kan eg sykle meir der".

"Det er skummelt å sykle her fordi det er en veldig trang vei".

"Det er masse trafikk her".

#### Problemområde:

Ein leikeplass ved Hellebakkane er registrert som problemområde grunna ødelagte apparater og dokkehus.

#### Aktivitetsområder og møteplasser:

Skulen og skuleområdet, samt nærbutikken på kaia er markert som to viktige møteplassar/opphaldsstader. To leikeplassar i bustadfeltet ved Sperrevikvegen er òg registrert som leike- og opphaldsareal. Eit skogsholt ved Hellebakkane, samt ei kolle midt i bustadfeltet ved Skjelåsen er markert som fine stader. Lomatjørna vert nytta til å gå på skøyter om vinteren, det same gjeld Langavatnet. Vinteraktivitet i form av aking har fleire elevar registrert på bakkane mellom kaien ved nærbutikken og Hellebakkane. Langavatnet er òg registrert som badeplass, i likheit med Søvikvågen og ved småbåtanlegget ved Ospeneset

**"Vi har ikke så mange barn der vi bor så det hadde vært fint med en lekeplass".**

Kommentar ved Søvikneset


**"Viss dere rydder og tar vekk alle stygge stubbene og tetter igjen alle hullene og lager stort og fint gress blir eg evig takknemlig"**


Kommentar ved Skjelåsen

**BJORNA  
FJORDEN**



KOMMUNE



-  Noko ferdslø
-  Mykje ferdslø
-  Badeområde
-  Vinteraktivitetar
-  Leike- og opphaldsareal
-  Fin stad
-  Utrygg ferdslø langs veg
-  Problemområde

## SØRE ØYANE BARNESKULE

Hos Søre Øyane barneskule deltok 16 5. trinnselevar i registreringa.

### ELEVANE SINE REGISTRERINGAR OPPSUMMERT

#### Mykje brukte vegar gange og sykkel:

Store delar av Røtingavegen, spesielt i nærleiken av skulen

#### Mindre brukte vegar gange og sykkel:

Avstikkveger frå Røtingavegen, både på Bruarøy og Røtingo  
Sundøytangen frå Røtingavegen til leikeplassen i bustadfeltet

#### Utrygg ferdsel:

Forbi barnehagen på Røtingo er det registrert ein strekning med utrygg ferdsel  
Det same gjeld langs Lepsøyvegen i svingane like før avkøyring til Lepsøy  
Gartneri og Kongshaug musikkgymnas.

#### Problemområde:

Elevane ved Søre Øyane barneskule har ikkje registrert problemområde.

#### Aktivitetsområder og møteplasser:

Leikeplassar og skuleområdet peker seg ut som opphalsareal/møteplass/leikeplass. I tillegg er det fleire badeplassar, som nord på Bruarøy, i Vestrevågen og Kobbavågen. «Fine plassar» er registrert midt på Bruarøy og sørvest for skulen mot sjøen.


## "Fin park og fint sted".

Kommentar ved Sunnøya, nes mot Tøkjundet

## "Bilene køyrer fort!"

Kommentar langs Røtingavegen, nord for barnehagen





-  Noko ferdsle
-  Mykje ferdsle
-  Badeområde
-  Vinteraktivitetar
-  Leike- og opphaldsareal
-  Fin stad
-  Utrygg ferdsle langs veg
-  Problemområde

## SØFTELAND BARNESKULE

Hos Søfteland barneskule deltok 32 5.trinnselevar i kartlegginga.

### ELEVANE SINE REGISTRERINGAR OPPSUMMERT

#### Mykje brukte vegar gange og sykkel:

På Søfteland er det registrert mykje ferdsel. Heile Byvegen, første del av Langedalen opp mot Jessadalen, første delen av Gåssandvegen, Lerkevegen og Vesterlio er alle veger med mykje registrert ferdsel.

#### Mindre brukte vegar gange og sykkel:

Furuflaten, Moldmyro, veg mellom Langedalen og Hetlandsvegen samt Internatvegen og Gamlevegen er registrert med ein del aktivitet.

#### Utrygg ferdsel:

Det er fleire punktregistreringar langs Byvegen som er markert med utrygg ferdsel. Dette gjeld strekninga frå skulen og til Jokerbutikken. Krysset ved butikken og krysset ved innkøringa til skulen og overgangsfeltet i same området er òg hyppig registrert som utrygt.

#### Problemområde:

Området som utgjør nedlagte Søfteland barnehage er markert som eit problemområde grunna øydelagte leikeapparat.

#### Aktivitetsområder og møteplasser:

Skuleplassen og området ved nedlagt barnehage og SFO er markert som møteplass/leikeplass. Det same er nedlagte Søfteland barnehage og banen på Stilvoll. Jokerbutikken skil seg òg spesielt ut som ein mykje brukt møteplass. Leikeplassen i feltet ved Gamlevegen er òg markert som leikeareal i kartet. Både Vindalsvatnet (ved Trosavikjo) og Gåssandvatnet (ved Storestraumen) er markert som områder for både sommer og vinteraktivitet med bading og skøyter. Langs Oselva ved Laksahølen er det òg registrert bading. Området ved gamle SFO nord for skuleområdet er markert som «Fin stad». Det same gjeld eit større skogsområde ovanfor Langedalen.


**"Eg likar ikkje at det er mye trafikk.  
Det er mye trafikk i Langedalen."**

Kommentar langs Langedalen, på veg opp mot toppen

**"Her møtes vi ofte."**

Joker Søfteland





-  Noko ferdsle
-  Mykje ferdsle
-  Badeområde
-  Vinteraktivitetar
-  Leike- og opphaldsareal
-  Fin stad
-  Utrygg ferdsle langs veg
-  Problemområde

## NORE NESET BARNESKULE

Ved Nore Neset barneskule deltok 59 5.trinnselevar i kartlegginga.

### ELEVANE SINE REGISTRERINGAR OPPSUMMERT

#### Mykje brukte vegar gange og sykkel:

På Nore Neset er det mykje registrert aktivitet langs vegane.

Langs hovudvegen Skeisflaten frå innkøyring til Skorvane til avkøyring til Askvikneset er mykje brukt til både gange og sykkel. I heile Skorvane er det òg mykje ferdsel, samt rundt barneskulen.

#### Mindre brukte vegar gange og sykkel:

Nesten samtlige veger vest for hovudvegen gjennom Nore Neset er registrert med ferdsel med gange og sykkel. Både Skeisleira, Skeisheia, Bjørnevollen, Skeisflaten og delar av Dahlsvegen, Lepsøyvegen og Særvollsvegen er ein del brukt av born som både går og sykklar til skulen. Frå Strønevegen og ned til Nedre Askvik er òg noko ferdsel.

#### Utrygg ferdsel:

Borna har ikkje kartfesta einskilde stader eller strekningar med utrygg ferdsel. Likevel er det gjeve nokre kommentarar om mykje trafikk rundt skuleområdet og manglande belysning langs hovudvegen.

#### Problemområde:

Elevane ved Søre Neset barneskule har ikkje registrert problemområde i kartet.

#### Aktivitetsområder og møteplasser:

Ingen elevar har markert badeplassar på Nore Neset, men i bakkane nord for Kysthospitalet Hagavik, langs Strønevegen, er det registrert ein akebakke. Akebakke er òg registrert ved Stølmyro. Skuleområdet, samt ei mindre leikeplass i Stølsmyro, er dei einaste areala som er markert som aktivitetsområde/leik/møteplass av fleire elevar. Spesielt skuleområdet skil eg ut som møteplass. Elevane syns det er mange fine plassar på Nore Neset! Det er fleire område langs Dahlsvegen, både store og små som er registrert som fine plassar, samt

området ved Hagavik Kysthospital. Frå Skeismyra mot Liafjellet er det òg eit område som er registrert som ein fin stad.

### **"Her er det ganske mykje søppel".**

Kommentar ved jordet innerst i Skeisflaten vest for Nore Neset kyrkje.

### **"Gøy å leke. Finner masse ting der. Lager hytter.**

Skogsområde nord for barneskulen.







# 4 VEGEN VIDARE

## KVA NYTTAR VI FUNNA TIL?

Denne rapporten vil verta brukt som kunnskapsgrunnlag på fleire område. Funna i registreringane er aktuelle både i arbeidet med nye planer og rullering av eksisterande planer. For Os kommune har følgjande vore i fokus med tanke på registreringane:

- Kommuneplanens arealdel
- Kommunedelplan/Områdeplan for Osøyro (under arbeid)
- Trafikksikringsplan
- Oppvekst/helse/barn&unge
- Kriminalitetsførebyggjande arbeid
- Føringer for bærekraftig utvikling

Registreringane vil i tillegg kunne nyttast inn i arbeidet med Bjørnafjorden som sykkelby og som kunnskapsgrunnlag i behandling av byggesaker. Registreringa kan nyttast i konsekvensutgreiingar, sentrumsutbygging og sikring og omlegging av vegar/infrastruktur. Ellers vil rapporten også verta formidla vidare til andre kommunale avdelingar, samt at skulane og elevane sjølve får tilgong til den.

Funna frå barnetråkkartlegginga er ferskvare. Born og unge sin ferdsl og bruk av nærmiljøet bør vurderast konkret i kva einskild plansak og byggjesak. Dersom ein meiner det er trong for oppdatert kunnskap kan det være aktuelt å gjere ein ny registrering i samband med nye planar. Krav om vurdering av oppdatert kunnskap om born og unge si bruk av nærmiljøet er lagt inn i framlegg til ny arealplan.

## ERFARINGAR OG EVALUERING

Det har vert eit svært inspirerande og gjevande arbeid å besøke engasjerte elevar ute i skulane! Vi har opplevd stor velvilje og positivitet frå lærarar og elevar. Det har vert gjeve tilbakemeldingar om at det har vert kjekt å delta, og at tema trafikktryggleik, demokrati, kartlære og bruk av digitale verktøy har passa inn i læreplan og undervisningsopplegg elles.

Sjølve gjennomføringa av barnetråkkregistreringa krev at skulane har tilstrekkeleg og tilgjengeleg datautstyr. Dette har ikkje vært ein utfordring i samband med dette prosjektet, då alle elevane hadde tilgong på chrome books. Dei gongane vi gjennomførte registreringa med mange elevar samstundes opplevde vi at programmet jobba noko seint, ellers har alle skulane god nettilgang.

Det digitale barnetråkkverktøyet slik det ser ut i dag har vore noko tungt og lite intuitivt for borna å bruke. Elevane hadde utfordringar med å finne snarvegar og anna ettersom kartet ikkje var eit flyfoto. Nokre elevar i klassar som ikkje hadde førebudd seg hadde utfordringar med å finne bustaden sin (som utgangspunktet for innteikning). Det er òg ein usikkerheit at ein ikkje veit kor mykje borna er påverka heimefrå/frå lærar til å melde frå om utrygge strekningar eller andre tilbakemeldingar.

Programmet differenserier ikkje mellom sykling, gange, kollektiv og bilkøyring. For Os/Bjørnafjorden kommune har vi vert mest opptatt av å registrere kor borna går og sykklar. Elevane vart difor bedt om å skrive inn transportmiddel som kommentar til innteikninga i kartet.

Analysearbeidet i etterkant viste seg å ta mykje ressursar og vere svært tidkrevjande. Det same gjeld produksjon av kartgrunnlag til bruk i kommunen sin interne kartløyning. Dette heng nok saman med tal skular og elevar som har deltatt og mengden av innsamla data. Vi trur at det digitale barnetråkkverktøyet er mest eigna til bruk av registreringar i enkeltskular/krinsar eller i samband med enkeltplanar.



Til neste medverknadsprosjekt retta mot born og unge med hensikt å registrere ferdslar og bruk av nærmiljø har vi følgjande tankar/tilråding:

-Behov for betre forankring både politisk og i organisasjonen. På denne måten kan ein i større grad få arbeida fram meir konkrete mål med kartlegginga. Ein meir spissa tilnærming kan gje meir konkrete funn og det kan være enklare å følgje opp. Betre forankring vil òg i større grad kunne syta for god oppfølging i etterkant i både planverk og elles knytt til anna arbeid i kommunen som er retta mot born og unge.

-Det bør gjerast ein grundig jobb på førehand knytt til val av metode og verktøy. På denne måten kan ein velje ut og skreddersy framgangsmåte etter kva ein ønskjer å få ut av medverknadsprosjektet.

-Ein bør på førehand kartlegge tilgjengelege ressursar i prosjektet og lage ein realistisk og detaljert framdriftsplan.

-Oppfølging av dei som har deltatt i prosjektet er anbefalt, då det vil kunne skape betre tillitt hjå innbyggerane/skulane/elevane. Å sende ut informasjon om korleis funna frå undersøkinga vert eller er fulgt opp bør være eit minstekrav. Eventuelt kan ein ha mindre oppfølgingsprosjekt som viser elevane at vi følger opp tilbakemeldingar dei har gjeve.

Til sist vil vi seie tusen takk til alle skulane og elevane som har deltatt!


# 5. VEDLEGG

Vedlegg 1. Samtykkeskjema til føresette

Vedlegg 2. Matrise med elevene sine kommentarar

## Frå skulen og heim

Informasjon til føresette om kartlegging av skule- og fritidsvegar



Planavdelinga i Os kommune har i samband med skulane starta opp eit Barnetråkkprosjekt for å kartlegge skule- og fritidsvegar som born og unge brukar i sin kvardag. Føremålet med prosjektet er å få direkte kunnskap om korleis born og unge bevegar seg i sitt nærmiljø.

Dette er kunnskap vi treng når vi skal planlegge for framtidig bruk av kommunen sine areal, og ved prioritering av tryggingstiltak langs vegar og stiar. Prosjektet er eit godt døme på korleis deltaking i planprosessar kan fungere. Gjennom dette prosjektet har elevane ei reell moglegheit til å delta i utviklinga av sitt lokalsamfunn.

Registreringa vil skje i samband med undervisninga i løpet av hausten 2018. Vi brukar den digitale karttenesta [www.barnetrakk.no](http://www.barnetrakk.no). Det er 5. og 8. trinn (4. hjå nokre skular) som er valt ut til å delta. Elevane teiknar inn skule- og fritidsvegar i kartet og markerer plassar dei oppheld seg i på fritida. Det vert ikkje stilt spørsmål om sensitive personopplysningar og all data er anonymisert. Det er berre tilsette hjå planavdelinga og lærarar som har tilgang til kvar enkelt registrering. Rådata vert ikkje delt med nokon tredjepart. All data vert til sist bearbeidd og gjort tilgjengeleg i kommunen sine digitale kart.

I dette skrevet gir dykk som føresette samtykke til at dykkar barn kan vere med på prosjektet. Underskrift leverast til kontaktlærer. Samtykket kan trekkast tilbake.

Viss du har spørsmål om prosjektet kan du besøke nettsida [www.barnetrakk.no](http://www.barnetrakk.no) eller kontakte prosjektansvarleg Mathilde Ilper Johnsen på epost: [majj@os-ho.kommune.no](mailto:majj@os-ho.kommune.no). Vi gler oss til å setje i gang!

Dato

Elevens namn

Underskrift frå føresett(e)

## Samla kommentarar Os barneskule og Os ungdomsskule

	Antal	Type symbol/kommentar
<b>Amfi</b>	15	Shopping
<b>Kuventræ</b>	4	Svømming
	27	Ballspill
	6	Møteplass/Lekeplass
	3	Skateboard
<b>Ulvenvatnet</b>	9	Svømming
<b>Mobergsvika</b>	2	Svømming
<b>Kuvågvegen v E39</b>	2	Aking
<b>Os barneskule</b>	2	Mørkt
<b>Tellevika</b>	2	Svømming. Kommentar: «Svømmer kvar helg»
<b>Oseana</b>	3	Liker
<b>Kyrkjeflaten</b>	2	Park
<b>Anleggsarbeid Os Aktiv</b>		
<b>Bjørkeflaten</b>	7	Aking
<b>Klokkargarden</b>	5	Aking
<b>Oselva/Hammeren</b>	6	Svømming
<b>Hellakråa</b>	12	Aking
<b>Hjellevegen</b>	6	Leikeplass
<b>Klokkargarden v /Rema 1000</b>	5	Aking
<b>Oselva</b>	6	Svømming
<b>Lundetræet</b>	3	Trafikk
<b>Hjellaråka</b>	12	Aking
<b>Borgafjellet</b>	16	Fin skog
<b>Hjella</b>	2	Aking
<b>hjellevegen</b>	6	Lekeplass
	6	Ballspill
	5	Mørkt
<b>Bøtræet</b>	3	Liker. «Her er det ein gapahuk»
<b>Bø</b>	7	Aking/Ski «Her er det ein stor bakke vi aker og står på ski».

<b>Moldegård</b>	2	Park. «Her er ein fantastisk park».
<b>Lyssandfjæra</b>	4	Svømming
<b>Haugneset</b>	3	Svømming
<b>Austre Lurane</b>	3	Skog.
	10	Mørkt
<b>Langhamrane</b>	5	Lekeplass/møteplass
<b>Golfbanen</b>	3	Ski
<b>Bane ved skulen</b>	6	Ballspill
<b>Os kyrkje</b>	2	Park
<b>Park v/kyrkja</b>	3	Park
<b>Stegen</b>	2	Lekeplass
<b>Likbrekko</b>	7	Aking
<b>Mobergsvika</b>	3	Svømming
<b>Os Barneskule</b>	7	Møteplass
	3	Ballspill
	4	Lekeplass
	5	Støy
	5	Støy

□

## Samla kommentarar Nore Neset

	Antal	Type symbol/kommentar
<b>Kysthospitalet</b>	6	Fint sted, fin park. Kommentar «Det er så fint der nede <3)
<b>Jorde ved Hagaviksbakken</b>	2	
<b>Ved Dahlsvegen</b>	2	Fint sted/skog.
<b>Spar</b>	8	Shopping/handel. «Når vi trenger noe kan vi gå på Sparbutikken».
<b>Nore Neset barneskulet</b>	2	Støy på skuleplassen, tommel ned.
	13	Liker, tommel opp! «Eg liker å vere på skulen» «Det er gøy å være her for då kan eg vere med vener».
	36	Ballspill. «Eg spiller handball her».
<b>Nore Neset barneskule, aust for idrettshall</b>	2	Fin skog
<b>Skogsområde ved Døsjaelva/Stølsmyro.</b>	4	Fin skog. «Her er ein veldig fin skog».
<b>Leikeplass ved Stølsmyro</b>	2	Leikeplass.
<b>Nord for leikeplass</b>	2	Aking. «Eg pleier å ake her»
<b>Bjørnevollen</b>	2	Misliker, mørkt. Trenger lys.
<b>Liafjellet</b>	7	Fin skog, utsikt.

## Kommentarar Hegglandsdalen barneskule

	Antal	Type symbol/kommentar
<b>Fotballbane ved Berge/Tussaskarva</b>	3	Fotball. Kommentar: «Her spiller eg fotball med venner».
<b>Eidsåsen</b>	3	Fin skog. Kommentar «Her det ein fin skog. Skogen er rett ved siden av ein ven og her har dei laga ei trehytte».
<b>Sving ved Eidsbrekka</b>	2	Mørkt og smalt.
<b>Tveitavatnet</b>	7	Skøyter om vinteren «Her pleier heile skulen å stå på Skøyter om vinteren».
<b>Tveitavatnet</b>	6	Bading om sommeren «Her pleier vi å bade om sommeren».
<b>Område ved skulen, ned mot vannet.</b>	2	«Eg synes det er eit fint sted siden vi kan grille og ro i kano».  «Her det eit fint sted for her kan vi padle kano og bade. Om vinteren kan vi stå på Skøyter»
<b>Hegglandsdalen barneskule</b>	2	Leikeplass
<b>Hegglandsdalsvatnet</b>	2	Bading
<b>Jorde ved Liavegen</b>	2	Aking og skigåing. Kommentar «Her er det veldig fint å ake. Eg pleier å ake her».

## Kommentarar Søre Øyane barneskule

	Antall markeringar (prikkar)	Type symbol / kommentar
<b>Søre Øyane barneskule</b>	10	Ballspel. Fotball. Kommentar: «Her spillar eg fotball».
<b>Sunnøya</b>	4	Fin skog.
<b>Strand ved Vedholmen</b>	2	Svømming. Kommentar: «Det er ein veldig fin plass å bade».
<b>Kryss v/bru Bruarøya og Røtinga</b>	2	Trafikk. Kommentar: «Misslikar trafikk».
<b>Vestrevågen</b>	2	Svømming.
<b>Område innerst i Vestrevågen</b>	2	Ski. Aking.
<b>Kobbervågen</b>	3	Svømming.
<b>Heile Røtingavegen</b>	5	Trafikk. Manglande fortau



## Kommentarar Søfteland barneskule

	Antal	Type symbol/kommentar
<b>Gåssandvatnet</b>	2	Svømming/bading
	2	Skøyter
<b>Gamlevegen (ved ballplass/lekeplass)</b>	2	Ballspill
<b>Gamlevegen (sør for leikeareal)</b>	2	Ski/aking
<b>Badeplass ved Vindalsvatnet</b>	6	Skøyter
	3	Svømming/bading
<b>Søfteland skule</b>	4	Skating
	7	Aking frå haugen/skogen på skuleplassen
	10	Lekeplass/møteplass
	3	Sykling
	4	Ballspill
	12	Liker
<b>Gamle Hjellemarka bhg og gamle SFO</b>	7	Møteplass/leikeplass
	7	Liker
<b>Gamle Søfteland bhg</b>	3	Lekeplass
<b>Sandbank i Oselva nord for Eikhaugvegen</b>	2	Bading
<b>Langedalen</b>	4	Skog

<b>Joker</b>	6	Møteplass. Kommentar: «Her møtes vi ofte»
	12	Trafikk/Mørkt. Kommentar: «Bilar køyrar veldig fort, ikkje trafikklys, folk vert ofte påkøyrd»
<b>Søfteland fotballbane</b>	21	Ballspill. Kommentar: «Her speler eg fotball kvar dag, med mine venner».
	2	Støy
	2	Søppel

## Kommentarar Lysekloster barneskule

Stad	Antall	Type symbol / kommentar
<b>Drangsfjellet</b>	2	Fin utsikt. Fin skog. «Her pleier eg å jogge».
<b>Drangnesvegen ved Ytre Drangsvågen</b>	2	Liker. Svømming.
<b>Vassvikvegen</b>	3	Mørkt. «Det er veldig mørkt og skummelt her når eg skal gå til busstoppet»
<b>Skjelåsen</b>	2	Vil endre. «Skummel sving kan bli påkjørt biler kommer raskt rundt svingen. Vil at veien skal bli tryggere».
	1	Lekeplass. «Er mest for de minste ungene».
	1	Ballspill
<b>Gamleskolen ved Drangsvegen</b>	1	Liker. «Jeg synes gamleskolen er en fin bygning».
<b>Drangsvegen mellom Hellekaret og Uradalen</b>	5	Trafikk. «Det er veldig mye trafikk og det er farlig å sykle».
<b>Søvikneset</b>	2	Liker. «Her liker eg å fiske og bade om sommeren».
	1	Lekeplass. «Hadde vært fint med en lekeplass her.
	1	Mørkt. «Når eg går her om vinteren er det veldig mørkt så det hadde vært fint med lyktestolper.»
	1	Aking.
<b>Søvikvågen</b>	5	Svømming. «Her bader vi i vågen».
	1	Liker.

<b>Skuleplassen</b>	3	Sykling.
	3	Møteplass. «Eg liker å være der for da kan eg leke».
	3	Ballspill
<b>Idrettsbanen</b>	22	Ballspill
	3	Liker
	3	Vil endre. «Vil ha flere mål på banen».
<b>Tursti sørøst for banen</b>	1	Fin skog. «Turløypen er det mange som går på tur».
<b>Grønskaret</b>	4	Mørkt. «Denne veggen trenger lyktestolper».
<b>Edne, nord for innkøyring til skulen</b>	1	Her er det farlig å sykle
<b>Frå Edne til Hellebakkane</b>	1	Vil endre. «Her er det mørkt når eg skal på trening».
<b>Leikeplass ved Hellebakkane</b>	2	Vil endre. «Ødelagt».
<b>Grøntområde nord for Store Revsåsen</b>	3	Fint sted. Fin skog.
<b>På veg mot Stokkadalen</b>	1	Fin skog. «Her er det en veldig fin skog».
<b>Buena kai</b>	1	Svømming
	1	Møteplass
	4	Shopping. «Her pleier jeg å kjøpe litt godteri og handle litt». «Her pleier eg å være med venner».
<b>Bakkene nordvest for Fiskarhaugane</b>	3	Vil endre. «Her er det eit hus som er skummelt».

	6	Aking. «I bakkene aker vi hver vinter og det er mange barn og ungdommer».
	3	Liker. Fin skog.
<b>Hovudvegen sør for buena kai</b>	1	Trafikk. «Det er mange som kjører fort der».
<b>Sperrevikvegen</b>	12	Trafikk
<b>Begge leikeplassene i Sperrevikvegen</b>	4	Leik. «Her møtes vi for å leke».
<b>Øverste gaten i Sperrevikvegen</b>	2	Sykling. «Her er det fint å sykle»
<b>Sperrevikvegen (veg frå hovudveg mot øvste bustadfelt)</b>	4	Misliker, trafikk. «Kan ikkje sykle til skulen».
<b>Lomatjørna</b>	3	Skøyter. «Eg liker å stå på skøyter her».
<b>Fureskogmyra</b>	1	Fin skog
<b>Djupvik</b>	1	Fin utsikt. «Fjell».
<b>Bakke ved Sagstadvika</b>	3	Aking og ski.
<b>Sagstadvika</b>	1	Fin park. «Her har vi en felles plen som alle kan være med. Fin utsikt».
<b>Kai ved Sagavika</b>	1	Utsikt.